

# Lena, 8 månader

Lena er 8 månader og kjem til helsestasjonen med mor. Helsesjukepleiar blir bekymra fordi ho synast at samspelet mellom mor og barn har endra seg. Ho synast at babyen trekker seg i kontakt både i samspel med ho, men og med mor. Mor fortel at ho har fått ny kjærast og at det har vore vanskeleg ei stund, utan å seie noko meir.

---

## Snakk saman:

- Kor bekymra er du for Lena og familien?
- Kva plikter tenker du er utløyst av denne bekymringa?
- Kva vil du gjere vidare?
- Vurderer du at meldeplikta til barnevernet er utløyst? Kvifor/kvifor ikkje?

## Kommentar:

Det er grunn til å vere bekymra når ein observerer endring i barns atferd. Det tidlege samspelet mellom barn og foreldre er avgjerande for tilknytning og utvikling. Som helsejukepleiar har du opplysningsplikt og skal oppdage og følge opp slik endring. Som regel skal bekymring knytta til barn og famlien tas opp med foreldre så tidleg som mogeleg og her er det naturleg å snakke med mor om det du ser. Å vere nysgjerrig på korleis mor opplever situasjonen og Lena sine signal er viktig.

## Forslag til formuleringar:

- *Eg legg merke til at Lena er litt meir forsiktig, ho trekker seg unna og gir ikkje lenger like god blikkontakt..... Kva ser du?*
- *Det kan vere mange grunnar til at babyar endrar atferd, er det noko som har skjedd som du tenkjer kan virke inn?*
- *Er det noko i livet ditt som gjer deg bekymra for Lena, eller deg sjølv?*
- **Anerkjenn mor sine kjensler om at dette kan være vanskeleg å snakke om!**  
*Det kan være vanskeleg å snakke om endringar som skjer med barnet sitt, fordi ein då må ta inn over seg desse endringane. Og då kan ein verte meir lei seg, meir bekymra eller ein kan verte redd for at noko skal skje eller at nokon i hjelpeapparatet skal foreta seg noko slik at ein mister kontrollen..... Er det slik for deg....?*

Mor har og gitt nokre signal på at det er vanskar knytt til den nye kjærasten og det vil derfor vere naturleg at du utforskar det meir:

- *Du seier det har vore vanskeleg ei stund. Kva er det som skjer...?*
- *Når foreldre har det vanskeleg eller er stressa, veit vi at det merkast og for babyen. På kva måte trur du at dine vanskar påverkar Lena? Korleis verkar det inn på deg som mor?*

- *Eg har tenkt sånn på det du sa (sist vi snakka saman), at det har vore vanskeleg med kjærasten ei stund. Fortell...*

Vi veit at fødselsdepresjon kan utvikle seg utan at mødre oppsøker hjelp eller forstår sine egne symptom. Vi veit og at depresjon hjå mødre påverker det viktige samspelet. Etersom det er bekymring knytt til samspelet mellom Lena og mor, kan det vere hensiktsmessig å snakke med mor om mogelege symptom, eventuelt bruke kartleggings skjema (EPDS) for å avkrefte/bekrefta eventuelle symptom på depresjon.

## Om opplysningsplikt/meldeplikt

Du har ikkje nok opplysningar til å melde bekymring vidare utan samtykke frå foreldre, men kan snakke med mor om mogeleg hjelp, anten frå barnevernet eller andre tiltak (helsestasjonspsykolog, Familievern, Spe- og småbarnsteam BUP, andre lavterskeltilbod i kommunen).

## Anbefaling:

- **Inviter mor til ny samtale for å utforske bekymringa og få mors eigen opplevelse av Lena si utvikling fram.**
- Drøft bekymringa med din nærmaste leiar
- Sjekk ut kva tiltak som fins i din kommune (det er trygt å ha oversikt og kjennskap til aktuelle tiltak før ein utforskar bekymringa meir med mor)
- Vurder å ta saka opp i Konsultasjonsteam om vald og overgrep (dersom det fins i din kommune)
- Vurder å ta saka opp i andre drøftingsteam/drøftingsarenaer dersom du er usikker og treng råd om vegen vidare

## Førebu deg til samtale med mor

Gå saman med ein kollega og snakk om korleis du vil gjennomføre samtalen med mor. Tren på samtalen. Gjer deg kjent med tiltak som fins i kommunen.

## Ny samtale med mor

I samtalen kjem det fram at det har vore to fysiske valdshendingar og fleire situasjonar der mors kjærast har opptrådd aggressivt og skremmande. Mor fortel at det har vore vanskeleg å skjerme Lena i situasjonane, ho har vore direkte vitne til og høyrte valden mot mor. Mor er og bekymra for Lena si tilbaketrekking og opplever at det er vanskeleg å få god kontakt med Lena, som vekslar mellom tilbaketrekking og mykje gråt. Mor gir uttrykk for å vere sliten og redd for kva som kjem til å skje.

## Snakk saman:

- Kor bekymra er du for Lena og familien hennar?
- Kva plikter vurderer du som utløyst av denne bekymringa? Kvifor?

- Kva vil du gjere vidare?

## Kommentar:

Du har fått informasjon om at mor er utsett for fysisk og psykisk vald. Lena har vore til stades og lever med konsekvensane av valden. Mor klarer ikkje å skjerme Lena i tilstrekkeleg grad og det er grunn til å tru at dette har konsekvensar for mors omsorgskapasitet og samspelet mellom mor og barn. I samtale med mor er det viktig å kartlegge risiko- og beskyttelsesfaktorar:

- Kor alvorleg er valden (truglar om drap, bruk av våpen, kvelertak)?
- Kva støtte har mor i eige nettverk?
- Kva moglegheit har mor for å få hjelp dersom ny vald oppstår?
- Kva hjelp fins allereie i familien?
- Korleis klarar mor å ivareta Lena (generelt og særleg når det oppstår vald)?
- Anna risikoåtferd hjå mors kjærast (rus, psykisk uhelse, vald mot andre, tilgang til våpen)?
- Anna risikoåtferd hjå mor (rus, psykisk uhelse, vald)?

## Om opplysningsplikt/meldeplikt

Du vurderer at meldeplikta til barnevernet er utløyst. Du kan ringe barnevernet og drøfte framgangsmåte med dei. I utgangspunktet skal ein ikkje orientere foreldre om meldingar med bekymring knytt til vald eller overgrep, men her er det sannsynleg at mor vil spørre deg kva som skjer no og det kan vere hensiktsmessig å snakke med mor om plikta di for å melde vidare, samt trygge mor i prosessen. Du kan vurdere å ringe barnevernet mens mor er til stades, dersom det kan bidra til å trygge mor og støtte samarbeid mellom mor og hjelpeapparatet vidare. Å gje mor informasjon om aktuelle tiltak som Krisesenter, Familievern og beskyttelsestiltak gjennom politiet kan og vere viktig.

## Anbefaling:

- Meld bekymring vidare til barneverntenesta (ring for drøfting av vidare oppfølging)
- Vurder avvergeplikt og kontakt med politi (dette kan drøftast med barnevern eller med politiet)
- Vurder aktuelle tiltak som kan ivareta mor og barn (f.eks. bistå mor med kontakt med Krisesenter, far til barnet, familie, lege, familievern, politi)
- Snakk med leiar og vurder eventuelle sikringstiltak (for familien og deg som melder)